



Aller Aqua Norway As

Att:

c/o Complér Accounting AS Casperkollen

Øvre Kråkenes 17

5152 Bønes

## **Pålegg om miljøovervaking og uttak av rømt oppdrettsfisk i vassdrag etter rømmingshending ved lokalitet 21335 Floteneset, Aller Aqua Norway AS (994046055)**

Aller Aqua Norway AS blir med dette pålagt miljøovervaking og uttak av rømt oppdrettslaks i 11 vassdrag i Vestland fylke. Arbeidet skal utførast av ein profesjonell instans, og målet er at fisk frå rømminga ved lokalitet Floteneset ikkje skal få gyte i dei aktuelle vassdraga. Det skal så snart som mogleg og seinast 7. november 2022 leggst fram ein plan for tiltaket.

### **Bakgrunn**

Vi visar til varsel frå oss 31. oktober 2022, og rømmingshending meldt 29. oktober 2022 ved lokaliteten Floteneset. Det var same dag oppdaga ei 4 meter stor revne i merd nr 8. Fisken i nota er oppgitt å ha ei snittvekt på 4,8 kg på rømmingstidspunktet.

Det er ikkje avklart kor mykje oppdrettslaks som har rømt.

Fiskeridirektoratet har gitt pålegg til Aller Aqua om å fiske i utvida område i Vadheimsfjorden. Selskapet har meldt inn ein total gjenfangst på 1000 oppdrettslaks per 1. november, der store delar av fangsten er fiska av innleigd fartøy og privatpersonar i området. Selskapet har oppretta mottaksstasjon og betaler dusør til privatpersonar som leverer inn gjenfanga fisk.

Fiskeridirektoratet er også kjend med at det er fanga 40-45 oppdrettslaks i elva Vikja dei siste dagane.

### **Rettsleg grunnlag**

Akvakulturlova § 10. *Miljønorm* fastset følgjande:

*Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte.*

*Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift gi nærmere bestemmelser for å sikre miljømessig forsvarlig akvakultur, herunder stille krav til forebyggende tiltak, krav om merking av akvatiske organismer, bruk av akvatiske organismer som ikke kan formere seg og bruk av fremmede organismer.*

Akvakulturlova § 11. *Miljøovervåking* seier vidare:

*Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift kreve at den som har eller søker om akvakulturtillatelse skal foreta eller bekoste nødvendige miljøundersøkelser for å dokumentere miljøtilstanden innenfor lokalitetens influensområde ved etablering, drift og avvikling av akvakultur.*

*Miljøundersøkelser etter denne bestemmelsen kan blant annet omfatte undersøkelser for å klarlegge om og hvordan akvakulturvirksomheten forårsaker, har forårsaket eller kan forårsake påvirkning på miljøet.*

*Departementet kan gi forskrift om gebyr og avgift for gjennomføring av miljøundersøkelser i regi av det offentlige. Skyldig gebyr og avgift er tvangsgrunnlag for utlegg.*

Plikta til gjenfangst er regulert i § 13 i akvakulturlova, samt akvakulturdriftsforskrifta § 39. *Gjenfangst etter rømt fisk:*

*Det skal straks foretas gjenfangst av fisk som er rømt. Gjenfangstplikten begrenses til sjøområdet inntil 500 meter fra anlegget og opphører når det er åpenbart at den rømte fisken ikke lenger befinner seg i dette området. Avstanden måles fra en rett linje trukket mellom anleggets faktiske ytterpunkt i overflaten.*

*Dersom mulighetene for å få gjenfanget rømt fisk tilsier det, kan Fiskeridirektoratets regionkontor i samråd med Statsforvalterens miljøvernavdeling utvide eller innskrenke gjenfangstpliktens omfang i tid og geografisk utstrekning.*

*Både oppstart og avslutning av gjenfangstfiske må meldes til Fiskeridirektoratets regionkontor og Statsforvalterens miljøvernavdeling.*

*Det foreligger plikt til å ta imot egen fisk som lovlig blir fisket av andre i et område definert av Fiskeridirektoratets regionkontor i samråd med Statsforvalterens miljøvernavdeling.*

*Fiskeridirektoratets regionkontor kan fritta for gjenfangstplikten ved rømt villfanget marin fisk og rømt settefisk.*

Akvakulturlova § 24. *Opplysnings- og undersøkelsesplikt* seier:

*Etter pålegg fra tildelings- og tilsynsmyndigheten plikter enhver som søker om eller driver aktiviteter som omfattes av denne lov, å gi opplysninger, dokumenter, prøvemateriale eller annet materiale som er nødvendig for at tildelings- og tilsynsmyndigheten skal kunne utføre sine oppgaver etter loven.*



*Etter pålegg fra tildelings- og tilsynsmyndigheten plikter enhver som søker om eller driver aktiviteter som omfattes av denne lov å gjennomføre undersøkelser som er nødvendige for at tildelings- og tilsynsmyndigheten skal kunne utføre sine oppgaver etter loven.*

*Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om opplysnings- og undersøkelsesplikten i første og annet ledd, herunder om at pliktene skal utføres jevnlig.*

*Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om at den som driver aktiviteter som omfattes av denne lov, skal ha og bruke utstyr og programvare med bestemt funksjon for rapportering etter denne bestemmelsen.*

## Fiskeridirektoratet si vurdering

Rømt oppdrettslaks kan ved kjønnsmodning vandre opp i vassdrag og gyte saman med vill laks. Dette kan bidra til å redusere det genetiske særpreget og den tilpassing som lokale laksebestandar har til sitt vassdrag<sup>1</sup>. Den genetiske statusen er vurdert i 239 ville laksebestandar etter kvalitetsnorm for villaks. Av desse er det påvist moderate eller store genetiske endringar i meir enn ein tredjedel av bestandane<sup>2</sup>. I tillegg til genetisk innblanding er det òg knytt bekymring til mogleg spreining av sjukdomar og parasittar frå oppdrett til ville bestandar.

Myndigheitene har moglegheit til å pålegge undersøkingar av områder som kan bli påverka av rømming. Akvakulturlova vektlegg at «forureinar betalar» prinsippet skal bli praktisert. Av forarbeidene, Prop. 103 L (2012-2013), går det fram at:

*Endringene i § 11 vedrørende miljøovervåking innebærer at myndighetene nå kan kreve miljøundersøkelser i et videre omfang enn tidligere, ved at dette kan kreves innenfor lokalitetens influensområde. Med influensområde menes områder som påvirkes av utslipp, rømming m. v. fra akvakulturvirksomheten.*

*Bestemmelsen bygger på samme prinsipp som naturmangfoldloven § 11, der det legges til grunn at kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver. Det følger av Ot. prp. nr. 52 (2008-2009) om lov om forvaltning av naturens mangfold s. 382 at «Kostnader for å hindre eller begrense skade kan også være kostnader ved overvåking av miljøtilstanden der en tilatt virksomhet finner sted og som den kan ha effekt på.*

Fiskeridirektoratet vurderer situasjonen slik at det er naudsynt å overvake elver i området så snart som mogleg, då gytetida er igang og rømt oppdrettslaks allereie er fanga i vassdrag i området. Der det blir gjort observasjonar av rømt fisk i den aktuelle storleiken er det òg behov for å ta ut slik fisk for å beskytte dei ville laksebestandane.

---

<sup>1</sup> Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2022 – kunnskapsstatus. Rapport fra havforskningen nr. 2022-13.

<sup>2</sup> Genetisk påvirkning av rømt oppdrettslaks på ville laksebestander –oppdatert status 2020. NINA Rapport 1926.



Rømmingslokaliteten ligg i Vadheimsfjorden, som er ei sidearm av Sognefjorden. Indre- og Ytredalselva, og Dalselva ligg i svært kort avstand frå rømmingslokaliteten. Sognefjorden har fem nasjonale laksevassdrag, som skal ha særskilt vern. Dette er Vikja, Nærøydalselva, Flåmselva, Lærdalselva og Årøyelva. Innafor grensa til den nasjonale laksefjorden ligg også tre andre laksevassdrag og vi meiner det er grunn til å overvake blant anna på grunn av distanse til rømmingslokaliteten og lokal geografi. Dette er Ortnevikselva, Vetlefjordelva og Sogndalselvi. I sju av laksebestandene i desse vassdraga er det målt betydeleg innblanding av oppdrettsfisk<sup>3</sup>.

Fiskeridirektoratet har i samband med denne vurderinga hatt dialog med Statsforvaltaren i Vestland.

Saka er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12 slik det går fram av § 7. Desse heimlane er ikkje sjølvstendige heimlar for vedtak, men retningsliner som skal brukast ved vurderingar etter Fiskeridirektoratet sitt regelverk. Vi ser det slik at vurderingane som er gjort etter vårt sektorregelverk fell saman med vurderingane etter naturmangfaldlova.

Fiskeridirektoratet vurderer kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8, som tilstrekkeleg til å sei at det er risiko for negativ påverknad på dei ville anadrome bestandane i området. Vi visar her til argument og referansar i avsnitta over. Tiltak etter føre var prinsippet, § 9, er dermed ikkje relevant i denne saka.

Vi meiner at situasjonen med rømt oppdrettsfisk vil bidra til å auke den samla belastninga for desse bestandane, jf. naturmangfaldlova § 10. Her vil vi vise til trugselfaktorar mot norske laksebestandar som er omtalt og vurdert av Vitenskapelig råd for lakseforvaltning<sup>4</sup>, og tilstanden til bestandane (genetisk og i storleik)<sup>3</sup>. Vidare også at det har vore fleire store lakserømmingar i Sognefjorden dei siste åra.

Tiltakshavar skal etter naturmangfaldlova § 11, og i tråd med vårt vedtak, bere kostnadene med å redusere skade. Fiskeridirektoratet legg til grunn at tiltaka for gjenfangst skal utførast av kvalifisert personell og på ein slik måte at villfisk vert skåna, jf. naturmangfaldlova § 12.

### Varsel

Vi visar til varsel 31. oktober 2022 sendt per e-post til Aller Aqua Norway ved Rolv Tveit. Fiskeridirektoratet har fått innspel til varselet i e-post 2. november 2022. Innspelet er sendt av Sands Advokatfirma DA, ved Halfdan Mellbye, på vegne av Aller Aqua.

Aller Aqua meiner at det ikkje er sakleg grunnlag for å pålegge overvaking av vassdrag etter denne hendinga, og at omfattande tiltak ikkje vil vere naudsynt og forholdsmessig. De argumenterer òg med at det er sakleg grunnlag for å konkludere med at rømminga ikkje vil bidra til gyting i elvene denne hausten fordi gytefisken allereie er på plass i vassdraga og at gytinga monge stader allereie er gjennomført. Vidare at det i liten grad er gyteklar fisk som har rømt, at den rømte holaksen ikkje er gytemoden, at det meste av

<sup>3</sup> lakseregisteret.fylkesmannen.no

<sup>4</sup> Status for norske laksebestander i 2022. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning.



fisken i merden var holaks, og at det er svært lite sannsynleg at hannlaksene kan påverke gytinga i elvene. Aller Aqua er av den oppfatning at den rømte laksen no har fjerna seg frå nærområdet og at det difor ikkje er forholdsmessig med eit omfattande pålegg om framtidig gjenfangst.

Fiskeridirektoratet vil først og fremst peike på at genetisk innblanding av oppdrettslaks er ei av dei største trugslane mot dei norske laksebestandene og det er godt dokumentert at dette allereie har skjedd i monge bestandar. Vi visar her til argument og referansar i førre kapittel. Etter ei rømmingshending som det her er snakk om, er det difor viktig å få kartlagt om den rømte fisken går opp i vassdraga i området for deretter å kunne fjerne den der det er mogleg. Det er dette som er føremålet med overvakinga. Resultatet av overvakinga er difor viktig kunnskap anten det visar ingen, eller så og så monge rømte fisk i eit vassdrag.

Ifølge slakterrapporten for fisken frå Floteneset er det for merd 8 oppgitt at 8 % av fisken er i modning. I merd 7 og 9 er det oppgitt 7 % fisk i modning. Statsforvaltaren har 2. november 2022 fått melding om at det i Vikja er teke opp 40-45 oppdrettslaks, alle var modne hannar med rennande mjølke. Angående gytesesongen for laks i regionen, så er hovudperioden oktober og november, og det er ikkje ukjent at noko fisk kan gyte heilt frem mot jul.

Fiskeridirektoratet vurderer at det er godt sakleg grunnlag for å gje pålegg i denne saka.

### Vedtak

Med heimel i akvakulturlova § § 10 og 11, vert Aller Aqua Norway pålagd å gjennomføre overvaking av rømt oppdrettslaks i følgjande vassdrag:

Vassdrag	Vassdragsnr
Indredalselva	080.1Z
Ytredalselva	080.21Z
Daleelva	079.Z
Vikja	070.Z
Ortnevikselva	070.2Z
Sogndalselvi	077.3Z
Årøyelva	077.Z
Nærøydalselva	071.Z
Flåmselvi	072.2Z
Aurlandselvi	072.Z
Lærdalselva	073.Z

Overvakinga skal bidra til at fisk frå rømminga på lokalitet Floteneset ikkje får gyte i nemnde vassdrag. Det må velgjast metodar som er eigna for kvart vassdrag. Ved observasjon av rømt fisk som med overvekt av sannsyn har rømt frå lokalitet Floteneset, skal det umiddelbart gjerast ei vurdering av utfiskingstiltak.



Med heimel i akvakulturdriftsforskrifta § 39, andre ledd, blir Aller Aqua Norway pålagt å utvide gjenfangsten etter rømminga på lokalitet Floteneset. Pålegget gjeld dei vassdraga som er nemnt over, dersom overvakinga visar at det er rømt oppdrettslaks av aktuell storleik til stade og det er praktisk mogleg å utføre gjenfangst.

Dei nemnde pålegga heng saman på ein slik måte at vi finn det tenleg å sende ut eit samla skriftleg vedtak.

#### Vilkår for vedtaket

- Overvaking og tiltak i vassdraga skal utførast av kvalifisert personell og ein profesjonell instans skal vere fagleg ansvarleg.
- **Det skal så snart som mogleg og seinast 7. november 2022 leggest fram ein plan for tiltaket.** Planen skal avklarast med Fiskeridirektoratet før den blir sett i verk. Fiskeridirektoratet har dialog med Statsforvaltaren i Vestland.
- Aller Aqua må samordne sin plan med andre planlagde og pågåande aktivitetar i dei ulike vassdraga, til dømes med Oppdrettsnæringens sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk (OURO)
- Det skal hentast inn naudsynte løyve frå Statsforvaltaren i Vestland før tiltaka vert sett i verk.
- Fiskeridirektoratet og Statsforvaltaren skal haldast orientert undervegs.
- Det skal sørgjast for god dialog med elveeigarlaga.
- Det skal takast skjellprøver av rømt oppdrettslaks som vert fanga. Skjella skal lesast av kvalifisert personell for å verifisere om fisken er vill eller oppdrett.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport om overvaking og uttak når tiltaka er avslutta. **Frist for innsending av sluttrapport er 15. februar 2023.**
- Data frå overvaking og uttak skal også rapporterast til det nasjonale overvakingssystemet for rømt oppdrettslaks.

#### Klage

Det kan klagast på vedtaket, sjå vedlagte orientering. Frist for klage er tre veker, jf. forvaltningslova § 29.

I medhald av forvaltningslova § 27 b vert det sett som vilkår for å reise søksmål at ein har nytta klageretten.

Bedrifta har, med heimel i forvaltningslova § 18, rett til å gjere seg kjent med dokument og opplysningar i saka, med dei unntak som følger av forvaltningslova § 19. Bedrifta kan kontakte Fiskeridirektoratet dersom dei ønsker å bruke denne retten.

Med helsing

**Britt Leikvoll**  
seksjonssjef



Haugland/Moberg  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Aller Aqua Norway As

c/o Complér  
Accounting AS  
Casperkollen Øvre  
Kråkenes 17  
Postboks 1829 Vika

5152 Bønes

Sands Advokatfirma DA

0123 OSLO

**Kopi til:**

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

**Vedlegg**

Melding om rett til å klage

